



Universitetet i Bergen
Postboks 7800
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi startar arbeidet med frivillig skogvern på Svanøy i Kinn kommune

Etter dialog med grunneigarane og Norskog melder vi formell oppstart av skogvernprosess på Svanøy i Kinn kommune. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Tilbodsområdet på Svanøy er lokalisert på gards- og bruksnummer 113/1, 113/5, 114/1, 116/1, 117/1, 117/7 og 117/10 i Kinn kommune. Området er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av areal som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. I tillegg ligg teigen med gards- og bruksnummer 113/22 inne i tilbodsområdet, der Miljødirektoratet i dag står som eigar. Vi melder oppstart av verneprosess for eit areal med storleik på 5218 dekar. Tilbudet kom oss i hende 28.05.2021.

Ein uvanleg rik og verdifull skog

Tilbodsområdet dekkjer store delar av Svanøy, ei øy i Sunnfjord i Kinn kommune. Skogane på Svanøy ligg i eit variert landskap på rik berggrunn, som er noko av årsaka til den frodige og krevjande floraen på øya. I tillegg har den rike kulturhistoria på øya med få, større grunneigarar bidrege til at skogen har fått bli ordentleg gamal og dermed også fått utvikle seg naturleg. Arealet grenser mot sjø på fleire sider av øya og det høgaste punktet på Vågsfjellet ligg på 235 moh. Få øyer mellom Bergen og Molde har liknande variert og rik skogdekning som Svanøy, og her er den best utvikla boreonemorale regnskogen nord for Sunnhordaland. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsone, i sterkt oseanisk seksjon, noko som betyr at det er høg temperatur gjennom året i tillegg til at det er mykje regn.

Regnskog med ei rekkje raudlista artar

Tilbodsarealet inkluderer 14 naturtypelokalitetar med m.a. fattig og rik boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gammalskog av både boreal barskog og lauvskog, låglands- og kystfuruskog, samt ein lokalitet av gamal svartorsumpskog. Det finst ikkje tilsvarande skog med kombinasjon av denne storleiken, alder, berggrunn, variasjon og klima på Vestlandet, noko det høge talet av sjeldne, sårbare og truga artar er levande bevis for.



Boreonemoral regnskog og rik edellaauvskog er høgt prioriterte skogtyper å verne meir av i fylket vårt. Varmekjær kjeldelaauvskog med svartor er svært sjeldan i fylket, men finnast innanfor tilbodsområdet. Skogen er gjennomgåande urørt og gamal, og det er stadvis mykje daud ved. Ei rekke artar er registrert i området, og inkluderer den kritisk truga stiftpulselaven (CR), den sterkt truga stjernerurlav (EN), og andre artar på den norske raudlista. Sistnemnte lav har Svanøy som einaste levestad i Sogn og Fjordane, og er elles registrert i Sunnhordaland, i Storbritannia og Nord-Amerika.

Norge har eit særleg forvaltingsansvar for fleire av disse artane og naturtypene, då meir enn 25 % av den enkelte art/naturtype har ei vesentleg del av si naturlege utbreiing i Noreg. Svanøy ligg i kjerneområdet for fattig boreonemoral regnskog, ei truga naturtype som Noreg har eit spesielt ansvar for. Føremålet med naturreservatet vil vere å ta vare på denne trua, sjeldne og sårbare naturen for framtida.



Figur 1 Gamal svartor-sumpskog er sjeldan i fylket og husar mellom anna den raudlista kystskriftlaven. Foto: Ulrike Hanssen, Miljøfaglig utredning.

Tilbudsområdet Svanøy dekkjer viktige manglar i skogvernet

Vi vurderer Svanøy til å oppfylle viktige manglar i skogvernet i Noreg knytt til raudlista artar og naturtypar. I tillegg til at området har låglandsskog, biologisk gamal skog, skog på høg bonitet og med større samanhengjande område i eit økologisk nettverk av regnskogslokalitetar. Det er høg kontinuitet i skogen på Svanøy, og det er stadvis mykje daud ved. Med grunnlag i mangelanalysane for skogvern (Fremstad m.f. 2002, 2003, 2010) så dekkjer tilbodsområdet særst godt opp viktige manglar i skogvernet. Meir informasjon om kunnskapsgrunnlaget, inkludert Skoganalyse og biologiske rapportar, kan ein lese på nettsaka om Svanøy på [heimesida](#) vår.



Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om å redusere tap av naturmangfald, og då er skogvern ein viktig nøkkel. Vi veit at 60 % av dei raudlista landlevande artane våre treng gamalskog for å overleve. Difor har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med dryge 3 prosent av skogen i fylket verna per i dag, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med eit vern av den verdifulle skogen Svanøy vil vi komme litt nærmare målet.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne tilbodsområdet på Svanøy som naturreservat. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane innanfor vernegrensene.

Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst, bygging av nye anlegg og slike inngrep. Grunneigar vil framleis ha rett til å ha beitedyr på beite, utøve jakt og fangst. Ålmenta vil framleis kunne nytte området til enkelt friluftsliv, plukking av bær og matsopp. Turstiar som er i området skal kunne haldast opne. Tekniske anlegg som master og jakttårn, samt kulturminne kan også haldast ved like. På Svanøy er det tradisjon for å plukke ramslauk, og dette kan fint gå føre seg utanfor vernegrensene. I utkastet til verneforskrift som ligg ved dette dokumentet kan ein lese alle vernereglane som vi vil ha innspel på.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til denne oppstartsmeldinga er vurdert av oss, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring. I høyringsdokumentet vil vi omtale dagens bruk av tilbodsområdet meir detaljert. Send innspel til oppstartsmeldinga med brev til Statsforvalteren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no innan 1. november 2023.

Nettsak for denne oppstartsmeldinga med fleire bilete av området finn du på nettstaden vår <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade> Vi har også ei eiga temaside med [lenkje her om frivillig skogvern](#) med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, samt lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Svanøy - utkast forskrift til oppstartsmelding
- 2 Vernekart til oppstartsmelding vern Svanøy – Kinn

**Mottakarer:**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO



Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboese gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ



WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
STIFTELSEN SVANØY HUS	Biskop Svanes veg 71	6914	SVANØYBUKT
SVANØY BEITELAG	v/Rannveig Solheim Kvalstad	6914	SVANØYBUKT
SVANØY GRENDAUTVAL		6914	SVANØYBUKT
SVANØY HAVBRUK AS	Ole Torjussens veg 130	6914	SVANØYBUKT
SVANØY RØYKERI AS		6914	SVANØYBUKT
SVANØY SEGL INN AS	Biskop Svanes veg 1	6914	SVANØYBUKT
SVANØY STIFTELSE	Kvalstad Gård	6914	SVANØYBUKT
SVANØY TOMT OG ANLEGG AS		6914	SVANØYBUKT
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
FLORA CYKLEKLUBB	c/o Per Ståle Vågene Brandsøyvegen 93	6908	FLORØ
FLORA HISTORIELAG	c/o Reidar Andreas Brandsberg Hjortefaret 2	6907	FLORØ
FLORA JEGER & FISKERFORENING	Postboks 381	6902	FLORØ
FLORA KRIGSHISTORIELAG	Brendøyvegen 18	6906	FLORØ
FLORA POLITISTASJON	Strandavegen 13	6905	FLORØ
FLORA RØDE KORS	Nonskarvegen 1	6906	FLORØ
FLORA SKOGEIGARLAG	v/Anne-Karin Kleiven Rynning Klauvene	6913	FLORØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM